



I to timar i føremiddag har eldsjelar i Lions hatt innsamling av lopper i Uskedalen og Husnes, nærare bestemt i kjellaren til Gamleskulen og garasjen til det gamle senteret. Det kom inn ein god del - frå lampeskjermar og koparkjeler til ski - men einskilde vart sendt heim med beskjed om å koma att slik at ein slepp å flytta loppene to gongar.

Loppemarknaden blir avvikla i Aktivitetshuset neste laurdag frå 11 til 15 og dei som enno ikkje har tømte skuffer og skåp for ting som eignar seg for sal har ein sjanse til. Den kjem neste fredag i Aktivitetshuset der ein kan levera lopper frå klokka 16 til 19. Ein kan også ringa 6 oppgitte telefon-numre på plakatane. så kjem det nokon og hentar.

Småmøblar, ski, sykklar, leikar, koppar og kar, bøker og mindre el-utstyr er nokre stikkord for kva den iherdige Lions-leiinga gjerne vil ha. Lions gjev stønad til mange viktige føremål, også lokalt

På biletet er Gianni Rebaudo og Jan Erik Olsson ved lageret i Gamleskulen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen